

Kontrollutvalet i Bjerkreim kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterom 2
Dato:	20.04.2015
Tidspunkt:	Kl. 8.30
Møtenr:	2-2015

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
6/15	Godkjenning av protokoll frå møte 23. februar 2015
7/15	Uttale til årsrekneskapet for 2014
8/15	Orientering frå administrasjonen - barnevern
9/15	Skatterekneskapet for 2014 med kontrollrapport frå Skatteetaten
10/15	Rapport selskapskontroll: Dalane Miljøverk IKS (DIM)
11/15	Sak frå innbyggjar ang. skuleskyss m.v.
12/15	Statusoversikt pr. april 2015

Referatsaker/meldinger

Periode:		23.02.2015 - 20.04.2015
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
2/15	13/00301-40	Notat vedr. eksterne parter og lukka møter
3/15	13/00217-39	FKT-konferansen 2015

Vennligst meld eventuelt forfall snarest på telefon 51 33 65 90 evt. 988 06 776 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer innkalt særskilt. Medlemmer som anser seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkalles.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Vikeså, 13.04.2015

Magne Vaule
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S. Olsen
Sekretariatet

6 / 15 Godkjenning av protokoll frå møte 23. februar 2015

Arkivsak-dok. 13/00050-19
Arkivkode. 033
Saksbehandler. Jane Døskeland Idland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	20.04.2015	6/15

Protokoll frå møte den 23. februar 2015 vert lagt fram for kontrollutvalet til endelig godkjenning.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå møte den 23. februar 2015.

SANDNES, 26.02.2015

Jane Døskeland Idland
Førstekonsulent

Vedlegg:
[Protokoll Kontrollutvalet i Bjerkreim 23.02.2015](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake](#)

7 / 15 Uttale til årsrekneskapet for 2014

Arkivsak-dok. 13/00048-8
 Arkivkode. 210
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	20.04.2015	7/15

Bakgrunn:

Iht. Forskrift om kontrollutvalg § 7 skal kontrollutvalet gi uttale om årsrekneskapen før den vert vedtatt av kommunestyret . Uttalen gis til kommunestyret, men kopi av uttalen skal vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan tas omsyn til den før dette organet gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret. Rekneskapen må derfor først leggjast fram for kontrollutvalet.

Etter kontrollutvalgsforskriften §8 skal og kontrollutvalet òg sjå til at revisors merknader i forhold til rekneskapet (årsoppgjernotatet) vert fylgt opp.

Saksutredning:

Driftsrekneskapet for 2014 viser et positivt netto driftsresultat på 3,690 mill. kr., som utgjør 1,8 % av driftsinntektene. Netto driftsresultat bør etter nye berekningar som hovudregel utgjera minst 1,75 % av driftsinntektene for at den økonomiske situasjonen skal sjåast på som tilfredsstillande. Kommunens driftsutgifter overstiger inntektene med 4 mill. kr, og det er budsjettert med eit negativt netto driftsresultat på 0,8 mill. kr. Inkludert i drift ligga utbytte og utbetalningar på 2,9 mill. kr frå Lyse AS, noko som viser at kommunen er sensitiv for endringar i utbytte- eller rentevilkår. Revisor poengterer at kommunen må fortsetja arbeidet med å tilpassa driftsnivået i forhold til inntektene.

Det vert vist til orientering i møtet for nærare gjennomgang av kva som ligg bak årets resultat.

Revisjonsmelding og andre merknader frå revisjonen.

Revisor har gitt revisjonsmelding for 2014 med atterhald om at det *ikkje er anordna påløpt, ikkje utbetalt løn, jf. KRS m. 7 og kommuneloven § 48 nr 2.*

Revisor utarbeider i tillegg eit årsoppgjernotat, der framlagt årsrekneskap/årsmelding og revisjonen gjennom året vert summert opp. Dette vil danna grunnlaget for ei evt. oppfølging frå kontrollutvalet i hht §8. Revisor poengterer at merknader frå revisor undervegs i året i stor grad har blitt retta opp undervegs.

Moment som kan vera verd å merka seg elles er:

- Rutinar for sosialhjelputbetalningar vert sett på som tilfredsstillande, med unntak av at fullstendige nam følgjer med objektnumra i rekneskapssystemet. Dette er ikkje i samsvar med personopplysningslovas bestemmelsar, og må endras slik at kun objektnumra går fram.
- Kommunen har ikkje anordna påløpt, ikkje utbetalt løn i 2014, slik at denne vert belasta 2015-rekneskapet. Forholdet antas ikkje å ha vesentlig resultateffekt, idet praksis var lik i

fjor. Balansen blir likevel ufullstendig. KRS nr. 7 og kommunelova § 48 nr. 2 krev at alle kjente utgifter og inntekter i året skal takast med i årsrekneskapet for vedkommande år.

Revisor uttaler til slutt i årsoppgjærnotatet at det ikkje er uteståande forhold som kontrollutvalet plikter å følgja opp. Kontrollutvalet kan likevel sjølv gjera ei sjølvstendig vurdering på dette punktet.

Kontrollutvalet er gitt anledning til å knyta kommentarar til årsrekneskapen. Dersom kontrollutvalet ønskjer å knyta spesielle kommentarar til rekneskapet ut over forslag til vedtak må desse innarbeidast i kontrollutvalets vedtak.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim har ingen kommentarar til det framlagde årsrekneskapet for 2014 ut over det som går fram av revisor sitt oppgjørsnotat og revisjonsberetning.

Kontrollutvalet vil følgje opp utvalde merknader i revisor sitt oppgjørsnotat hausten 2015.

SANDNES, 16.02.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

[Revisjonsberetning 2014 - Bjerkreim](#)
[Årsoppgjørsnotat 2014 - Bjerkreim](#)
[Årsrapport 2014](#)
[Hovedoversikter 2014](#)
[noter 2014](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake](#)

8 / 15 Orientering frå administrasjonen - barnevern

Arkivsak-dok. 13/00053-3
Arkivkode. 030
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	20.04.2015	8/15

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har ønskja å invitera den som er ansvarleg for barnevern til dette møtet. Utvalet ønskjer ei orientering knytt opp til Fylkesmannens påpeikingar om fristoverskridelser, økonomien i barnevernet og organisering elles. Kontrollutvalet ønskjer også ei generell anledning til å stilla spørsmål. Kontrollutvalet ber òg om å få tilsendt brev frå Fylkesmannen ang. fristoverskridelser.

Saksutredning:

Rådmannen har gitt tilbakemelding til sekretariatet om at det vil bli orientert i møtet. Brev frå Fylkesmannen med kommunens tilsvaer ligg og ved.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar rådmannens utgreiing til orientering.

SANDNES, 18.03.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

- Brev frå FM vedrørende manglande overhalding av tidsfristar og oppfølging av fosterheim i barnevernstenesta
Svar frå kommunen

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

9 / 15 Skatterekneskapet for 2014 med kontrollrapport frå Skatteetaten

Arkivsak-dok. 13/00049-12
Arkivkode. 232
Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	20.04.2015	9/15

Bakgrunn:

Kommunane har ansvar for skatteinnkrevjing og føring av skatterekneskap (skatteoppkrevjarfunksjonen), mens Staten v/Riksrevisjonen har ansvar for revidering av skatterekneskapet. Riksrevisjonen byggjer sin revisjon på dei stadlege kontrollane som Skatteetaten gjennomfører. Kontrollavdelinga gir årleg rapport til Riksrevisjonen med kopi til kommunestyret og til kontrollutvalet.

Saksutredning

Fleire kommunar legg skatteoppkrevjaren si melding fram for kommunestyret så snart denne er ferdigstilt. Saka vert ikkje lagt fram for behandling i kontrollutvalet før kontrollrapporten frå skatteetaten ligg føre.

Bjerkreim kommune hadde i 2014 ein samla skatteinngang (etter marginavsetning) på 289 413 mill. kr. Det er ein auke på 0,9 % samanlikna med fjoråret. Av dette utgjør kommunens del av skatteinngangen 64,2 mill. kr., noko som er ein auke på 1,03 %.

Restansar på forskotsstrekk og arbeidsgjevaravgift er kraftig redusert. Dette skuldast eitt NUF-selskap som vart registrert i Bjerkreim, men som ikkje skulle vore her. Selskapet er konkurs. Solidaransvar er blitt gjort gjeldande og hovudstol og forseinkingsrenter er betalt.

Det er nå etablert ei felles interkommunal kontrollordning, saman med kommunane Hjelmeland, Rennesøy, Forsand, Eigersund, Sokndal og Bjerkreim, som har inngått avtale med Stavanger Kemnerkontor om å utføre slike kontroller frå 2014. Bjerkreim sin del er på 10 % og det er gjennomført 5,3 % arbeidsgjevarkontrollar. Krav til gjennomførte kontrollar er dermed oppfylt.

Skatteetaten har gjennom kontrollhandlingar i 2014 gitt pålegg og tilrådingar som er «*meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 16. juli 2014. Etter kontroll av arbeidsgjevarkontrollordninga er det sendt kopi av rapport til Skatteoppkrevjaren i Eigersund/Bjerkreim 24. oktober 2014.*» Skatteetaten har ut over dette ingen spesielle merknader.

Kontrollutvalet kan bare ta sjølv rekneskapet til orientering. Revisjonshandlingane knytt til dette rekneskapet er ei statleg oppgåve. Kontrollutvalet har likevel ei tilsynsrolle i høve til skatteoppkrevjar, og kan om ønskeleg kommentera organisering av arbeidet m.v.

Skatteoppkrevjar vert invitert til møtet for å gå nærare gjennom detaljane i rapporten og svara på spørsmål.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tek skatterekneskapet for 2014 med kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering.

Saka vidaresendast kommunestyret til orientering.

SANDNES, 11.02.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

Kontrollrapport 2014 frå Skatteetaten
Årsrapport 2014 skatt

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

[Tilbake](#)

10 / 15 Rapport selskapskontroll: Dalane Miljøverk IKS (DIM)

Arkivsak-dok. 14/00005-9
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	20.04.2015	10/15

Bakgrunn

Kontrollutvalet bestilte selskapskontrollen «Dalane Miljøverk IKS», heretter forkorta DIM, i møte den 07.04.14. Bestillinga er gjort i samarbeid med alle eigarkommunane i DIM.

Formålet med prosjektet har vore å *«gjennomføra kontroll med forvaltninga av eigarinteressene i DIM (eigarskapskontroll) og forvaltningsrevisjon av utvalde områd.»*

Ut frå dette vedtok kontrollutvalet å sjå nærmare på følgjande problemstillingar:

- *Korleis er selskapet styrt?*
- *Korleis er eigarane sin oppfølging av selskapet lagt opp?*²
- *Blir selskapet sine aktiviteter rapportert i tråd med lover og regler?*
- *Praktiserer selskapet lovregler om offentlige anskaffelser og offentlighet?*
- *Korleis handterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?*
- *Praktiserer selskapet sjølvkostreglar for hushaldsavfall?*
- *Er det et tilfredsstillande skilje mellom hushaldsavfall og næringsavfall?*
- *Korleis foretas eigaroppfølginga av dotterselskapet?*
- *Korleis vert avtaler og transaksjoner mellom morselskap og dotterselskap handtert?*
- *Kva for økonomisk risiko har eigarkommunane for drift og investeringar i selskapets dotterselskap og andre eigde selskap?*
- *Korleis er eigarane sin oppfølging av selskapet lagt opp, mellom anna korleis kommunane utøver eigarskapet gjennom representantskapet?*

Saksutgreiing

Kontrollutvalet har mottatt rapport frå den gjennomførte selskapskontrollen, som nå vert lagd fram til behandling i kontrollutvalet, med innstilling til kommunestyret.

Rapporten bygger på informasjon frå styret, daglig leder, eigarrepresentantar, rekneskapsrevisjon og ny ekstern revisor i tillegg til dokumentgransking.

Revisors hovudbodskap er følgjande: *«Vi har ikke anmerkninger som går på den formelle styringen av selskapet, men det mangler strategiplan, styreinstruks, styrets egen vurdering og etiske retningslinjer. Selskapets praktisering av selvkostreglene anses tilfredsstillende, men vi har noen merknader som går på selve rapporteringen. Representantskapet utøver sin myndighet i tråd med lovregler og selskapsavtalen. Eierne har ikke utarbeidet en selskapspesifikk eierstrategi overfor selskapet.»*

I rapporten kjem det fram følgjande funn:

1. Korleis er selskapet styrt?

Gjennomgangen viser at det ikkje er utarbeidd strategiplan, styreinstruks, eigenvurdering og at fire av sju styremedlemmer er ikkje registrert i KS sitt styrevervregister. Revisor har elles ingen merknader på den formelle styringa av DIM.

2. Korleis er eigarane sin oppfølging av selskapet lagt opp?

I følgje revisor utøver representantskapet sin myndighet i tråd med lovregler og med selskapsavtalen. Revisor etterlyser ein selskapsspesifikk eigarstrategi, som vil utdjupa eigarane sine krav og forventningar til selskapet. Denne strategien bør utarbeidast av eigarkommunane saman, noko som også kan sjåast i samanheng med ny kommunestruktur og evt. omorganisering av selskapet.

3. Blir selskapet sine aktiviteter rapportert i tråd med lover og regler?

Selskapets KOSTRA-rapportering er i følgje revisor mangelfull. DIM har ikkje lagt inn opplysningar på vegne av eigarkommunane i KOSTRA-rapporteringa, men selskapet sjølv meiner å ha kvittering på at dette er i orden. Revisor anbefaler at DIM for seinare år gir eigarkommunane nødvendige data for registrering her.

4. Praktiserer selskapet lovregler om offentlige anskaffelser og offentlighet?

Selskapet fører ikkje protokoll ved anskaffelser/kjøp, og det er brot på lovreglane om offentlige anskaffelser. DIM har utfyllande informasjon om selskapet på sine nettsider, men revisor anbefaler at selskapsavtalen, styresaker, årsberetningar og årsrekneskap vert lagt ut her for å utøve større grad av offentlighet.

5. Korleis handterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?

Revisor påpeiker spesielt at DIM ikkje har utarbeidd etiske retningslinjer. I følgje revisor vil etiske retningslinjer opne for diskusjonar og erfaringsutveksling før evt. problem oppstår.

6. Praktiserer selskapet sjølvkostreglar for hushaldsavfall?

I følgje revisor er praktiseringa av sjølvkostreglane tilfredsstillande, men revisor anbefaler at selskapets sjølvkostnote i rekneskapet også viser dekningsgraden. I følgje revisor ser det ut som DIM kan ha hatt godt anslag på gebyrsatsar og sjølvkost, sidan over/underskot for hushaldsavfall dei siste åra har vært små.

7. Er det et tilfredsstillande skilje mellom hushaldsavfall og næringsavfall?

Næringsavfall (inkl. septik- og slamtømming) er i følgje revisor skilt ut for seg.

8. Korleis foretas eigaroppfølginga av dotterselskapet?

I følgje revisor blir eigaroppfølginga av dotterselskapet Svaatheia Avfall AS gjort av styreleiar i DIM, som også er eigarrepresentant. I utgangspunktet skal ein slik eigarpresentasjon unngåas, då man ikkje skal blanda eigar- og styrerollen. Revisor viser likevel til aksjonæravtalen, som regulerer forholdet mellom eigarane. Sjølv oppfølginga skjer på generalforsamlingar og ved orienterande saker om dotterselskapet på styremøte i DIM.

9. Korleis vert avtaler og transaksjoner mellom morselskap og dotterselskap handtert?

Det er tre avtalar mellom DIM og dotterselskapet: leigeavtalar, personell og diverse funksjonar, som alle har blitt styrebehandla i begge selskapa. Timeprisane er «moderate», men har ikkje blitt vurdert av uavhengig tredjepart, noko som ifølgje revisor med fordel kunne vore gjort.

10. Kva for økonomisk risiko har eigarkommunane for drift og investeringar i selskapets dotterselskap og andre eigde selskap?

DIM har eigarskap i Svaatheia Avfall AS, Forus Energigjennvinning 2 AS og Rekom AS. Risikoen er avgrensa til investert kapital og det kan bli bedt om å investera meir kapital om det går dårlig i selskapa. Eigarkommunane i DIM har same økonomiske risiko som DIM.

- *Svaatheia Avfall AS*: Det er liten økonomisk risiko knytt til dotterselskapet, då det går godt i selskapet og eigenkapitalen er styrkt.
- *Forus Energigjennvinning 2 AS*: Selskapet hadde dårlige resultat i 2013 og det vert venta betring komande år. Revisor poengterer at dei ikkje har gjort ei nærare risikovurdering ut over det som går fram av offentlig informasjon og informasjon frå DIM. Dotterselskapet er oppretta for å fordela risiko for avslutning og etterdrift av deponiet, men har i følgje revisor fram til nå medført at eigarane har gått glipp av inntekter.
- *Rekom AS*: Liten risiko sidan eigardelen er liten beløpssmessig.

DIM har pr. i dag ikkje eigarskap i andre selskap. Det er imidlertid styrevedtak på oppretting av

- *Svåheia Eiendom AS*: - nytt eiedomsselskap. Revisor påpeiker her nødvendige endringar som må gjerast i DIM sin selskapsavtale. Bl.a. vert det peika på at dersom selskapet vert stifta og DIM blir eineeigar - og deretter overfører eiedomsselskapet til deltakarkommunane - kan dette få skattemessige konsekvensar.

11. Korleis er eigarane sin oppfølging av selskapet lagt opp, mellom anna korleis kommunane utøver eigarskapet gjennom representantskapet?

Eigarkommunane utøver myndighet i selskapet gjennom representantskapet, jfr. IKS – loven § 7. Representantskapet behandlar rekneskap, budsjett, økonomiplan og andre saker. Det er utarbeidd ein selskapsavtale, men ikkje ein spesifikk eigarstrategi som utdjupar krav og forventingar. I følgje revisor utøver representantskapet sin myndighet i tråd med lovregler og med selskapsavtalen.

Oppsummert anbefaler revisor følgjande:

- *Selskapet bør utarbeida ein strategiplan. Styret bør utarbeida ein styreinstruks og foreta ei årlig skriftlig eigenvurdering. Heile styret bør registrera seg i KS sitt styrevervregister. Selskapet bør utarbeida etiske retningslinjer.*
- *Selskapet bør sjå til at lovreglar om offentlige anskaffelser alltid vert følgt. Selskapet bør legge ut fleire aktuelle dokument på sine nettsider. Dette vil gjere den offentlige informasjonen om selskapet lettare tilgjengelig.*
- *Sjølvkostnoten til årsrekneskapet bør også vise dekningsgraden.*
- *Eigarkommunane bør vurdere om det er behov for å utarbeida ein selskapsspesifikk eigarstrategi overfor selskapet.*

For utfyllande opplysningar og kommentarar vert det vist til rapporten.

Eigarane, representert ved representantskapets leder og selskapets leiar har fått høve til å uttala seg til rapporten.

Det gis tilbakemelding om at Sokndal har starta ein prosess knytt til eigarskap, mens det ikkje ligg føre informasjon frå Bjerkreim og Eigersund. Representantskapet vil også sjå til at styret får på plass styreinstruks, eigenvurdering og etiske retningslinjer.

Daglig leiar i DIM har gitt desse kommentarane til rapporten (oppsummert):

- *KOSTRA – rapportering:* Daglig leiar viser til at DIM aldri har fått tilbakemelding frå SSB om feil eller manglar ved rapporteringa. Dei har heller ikkje registrert at eigarkommunane har påpekt manglar.
- *Offentlig anskaffelser:* Daglig leiar opplever at det er urimelig å kalla det brot på anskaffelsesregulverket når det ikkje blir lagd protokollar ved anskaffingar under kr. 100.000,- DIM kan redegjera for alle kjøp og ved større driftsmessige innkjøp blir det lagt frem tilbudsprotokoller som orienteringssak.
- *Eigarstyring dotter Svaatheia Avfall AS:* I følge daglig leiar er det ingen interessekonflikt mellom selskapa, og ein ser derfor ingen grunn til å blanda inn 3. part og viser til at det er regulert i Aksjeloven.
- *Økonomisk risiko:* Daglig leiar viser til at når DIM i si tid gjekk inn i delt eigarskap i Svaatheia Avfall, var det nettopp pga. betydelig risiko for å stå aleine med drifta av eit «lite» deponi. Kommentaren om at «eigarane har gått glipp av større inntekter» meiner han er høyst spekulativ. Selskapet er av den oppfatning at det er samarbeidet og det delte eigarskapet som har gitt gode resultat. Det er i følge dagleg leiar ikkje godt å seie kva «aleinegang» hadde ført til.

Alle problemstillingane som kontrollutvalet bestilte er svart på i rapporten. Sekretariatet føreset at rapporten vert følgt opp etter same mal som for forvaltningsrevisjon, jfr. forskrift om kontrollutvalg § 12. Kontrollutvalet ber derfor om tilbakemelding på oppfølging av kommunestyrets vedtak ca. 6 månader etter kommunestyrets behandling. Sak om oppfølging av rapporten vert vidaresendt kommunestyret etter behandling i kontrollutvalet.

Kontrollutvalets saksutgreiing og innstilling skal fremjast direkte til kommunestyret.

KONTROLLUTVALET INNSTILLER TIL KOMMUNESTYRET Å FATTA FØLGJANDE VEDTAK:

Kommunestyret i Bjerkreim tek selskapskontrollen i «*Dalane Miljøverk IKS*» til orientering.

Rapporten vert vidaresendt rådmannen for oppfølging av rapportens konklusjonar og anbefalingar.

Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis rapporten er fylgt opp innan ca. 6 månader etter kommunestyret sitt vedtak.

SANDNES, 14.01.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[RR Selskapskontroll 2015 Dalane Miljøverk](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

11 / 15 Sak frå innbyggjar ang. skuleskyss m.v.

Arkivsak-dok. 13/00301-39
 Arkivkode. 217
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	20.04.2015	11/15

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har fått tilsendt brev frå ein innbyggjar i Bjerkreim.

Dei tilsende dokumenta (vedlegg) er unntatt offentlighet. Opplysningar unntatt offentlighet er ikkje nemnt i denne saksutgreiinga, det vert her vist til vedlegga. Kontrollutvalet vel sjølv om det vil bli naudsynt å lukka møtet under behandling av saka, i så fall er dette knytt til Koml. § 31 nr. 4¹.

Oppsummert ber avsendaren kontrollutvalet om følgjande:

Det vert utført lovlighetskontroll av:

- Kontrollutvalgets eget vedtak i sak 14/14 vedr. skolemiljøet
- Vedtak i sak vedr. søknad om dekning av skyssutgifter/skolepenger

Kontrollutvalet bes både om å vurdera dei sakene som er presentert med omsyn til lovligheit og om å fatta nytt vedtak som bidrar til at kommunestyret ryddar opp i følgjande:

- Rune Andersen, Bodil Heskestad og rektorene ved Bjerkreim og Vikeså skoler kommer med en uforbeholden innrømmelse og beklagelser av sin feilaktige lovforståelse og behandling av xxxxx
- De samme med tillegg av ordfører og varaordfører kommer med en offentlig innrømmelse i Dalane tidende der ansvaret for feilene plasseres på rette personer og nivå.
- Kontrollutvalgssak 14/14 tas opp til ny behandling i kontrollutvalget for framlegging til kommunestyret
- Sak om dekning av utgifter til skyss og skoleutgifter behandles på ny, med en innstilling om full dekning
- Kontrollutvalget kommer med forslag til kommunestyret om hvordan Bjerkreim kommune skal forholde seg til rektorer, fungerende rådmann Berit Heskestad og kommunalsjef Rune Andersen når disse som bevisst underkjenner elevers rettigheter og dermed misbruker sin stilling både overfor elever, foresatte og politikere. Ved å underkjenne elevenes rettigheter har de nevnte personer ansvaret for at det er oppstått alvorlige konflikter i befolkningen og at kommunen er påført store utgifter og omdømmetap. Dette i tillegg til de store skadene barna har blitt påført gjennom dette.

Saksutredning:**Om lovlighetskontroll:**

Begrepet lovlighetskontroll er i kommunelovas § 59 definert slik:

¹ 4. Et folkevalgt organ kan vedta å lukke et møte når hensynet til personvern krever det.

«59.Lovlighetskontroll, opplysningsplikt m.v.

1. Tre eller flere medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget kan sammen bringe avgjørelser truffet av folkevalgt organ eller den kommunale eller fylkeskommunale administrasjon inn for departementet til kontroll av avgjørelsens lovlighet. Det samme gjelder avgjørelser om møter skal holdes for åpne eller lukkede dører, jf. § 31, og avgjørelser om habilitet. Avgjørelser om ansettelse, oppsigelse eller avskjed er ikke gjenstand for lovlighetskontroll. Spørsmål om det foreligger brudd på bestemmelser gitt i eller i medhold av lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser kan heller ikke gjøres til gjenstand for lovlighetskontroll.
2. Krav om lovlighetskontroll framsettes for det organ som har truffet den aktuelle avgjørelse. Hvis dette opprettholder avgjørelsen, oversendes saken til departementet.
3. Krav om lovlighetskontroll medfører ikke at iverksettelsen av den påklagede avgjørelsen utsettes med mindre det organ som har truffet avgjørelsen, kommunalt eller fylkeskommunalt organ overordnet dette eller departementet fatter slikt vedtak.
4. Ved lovlighetskontroll skal det tas stilling til om avgjørelsen
 - a. er innholdsmessig lovlig,
 - b. er truffet av noen som har myndighet til å treffe slik avgjørelse, og
 - c. er blitt til på lovlig måte.

Departementet skal oppheve avgjørelsen hvis det er gjort slike feil at den er ugyldig.

5. Departementet kan på eget initiativ ta en avgjørelse opp til lovlighetskontroll.
6. Departementet kan kreve at kommunen og fylkeskommunen gir opplysninger om enkeltsaker eller sider av kommunens og fylkeskommunens virksomhet. Departementet har rett til innsyn i alle kommunale og fylkeskommunale saksdokumenter.
7. Departementet fastsetter nærmere regler om tidsfrister for krav om lovlighetskontroll.»

Som det går fram her er det medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget som kan be om lovlighetskontroll². Sekretariatet går ut frå at det med «lovlighetskontroll» i dette tilfellet vert sikta til kontrollutvalets ansvar for å føra tilsyn med forvaltninga gjennom m.a. på vegne av kommunestyret å sjå til at forvaltninga overheld gjeldande lovar og føresegner og elles retter seg etter vedtak i kommunestyret, jfr. kommunelovas § 77.4.

Generelt om kontrollutvalets ansvar og oppgåver:

Kontrollutvalet har bare plikt til å behandla saker som kommer frå kommunestyret eller revisor. Når det gjeld andre saker må utvalet sjølv bestemma om saka fell inn under utvalets kontroll og tilsynsoppgåver og om utvalet ønskjer å prioritera saka³. Dette inneber også at kontrollutvalet ikkje skal behandla enkeltsaker (enkeltsakene skal behandlast av det organet som desse høyrer til under). Kontrollutvalet kan heller ikkje fatta vedtak som binder forvaltninga⁴. Kontrollutvalet må derfor vidaresenda innstilling til kommunestyret om å fatta bindande vedtak.

Privatpersonar kan likevel melde frå til kontrollutvalet om saker, men dei kan ikkje krevja at kontrollutvalet behandlar bestemte saker⁵. Sjølv om kontrollutvalet ikkje skal behandla enkeltsaker, kan desse likevel ofte nyttast av kontrollutvalet som ein innfallsvinkel til eit saksområde som det er ønskjeleg å undersøka nærare i kommunen.

² Jfr. «Kommuneloven m/kommentarer 2011 s. 475

³ Jfr. Vedlegg 1 til rundskriv H-15/04 merknader til § 4

⁴Jfr. «Kontrollutvalgsboka s 32

⁵ Jfr. «Tilsyn og revisjon i kommunal sektor» 2011 av Bråthen, Frydenberg, Rogndokken s 82.

Vedr. den aktuelle saka:

Saka er knytt til tidlegare saker i kontrollutvalet om skulemiljøet i Bjerkreim. Dersom kontrollutvalet vil prioritera å gå nærare inn i kommunens praktisering av reglar for skuleskyss og andre moment som går fram av dei tilsendte dokumenta, vurderer kontrollutvalet i så fall sjølv om det er ønskjeleg å sjå på dette som ei ny sak, eller om den skal sjåast saman med den tillyste oppfølgingsrapporten av skulemiljøet i Bjerkreim. Det er venta endelig vedtak om tidspunkt for ny gjennomgang av denne saka på kommunestyrets møte den 15. april. Resultat av denne behandlinga låg ikkje føre ved utsending av sakene, men vil bli ettersendt så snart den er klar.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

SANDNES, 05.03.2015

Wencke Sissel Olsen
Daglig leder

Vedlegg (u. off. Offl § 13/FVL § 13 1):

[Sak frå innbyggjar m/vedlegg](#)
[Oversende dokument i saka frå Bjerkreim kommune](#)
[Dokumentar frå e-post av 16.03.2015](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur.

[Tilbake](#)

12 / 15 Statusoversikt pr. april 2015

Arkivsak-dok. 13/00051-29
Arkivkode. 217
Saksbehandler. Jane Døskeland Idland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	20.04.2015	12/15

Bakgrunn

Denne oversikten er kontrollutvalet sitt verktøy til å følgja saker som går fleire møter. Det gjeld først og fremst forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som skal følgjast frå dei vert bestilt og til dei er endeleg følgde opp. I tillegg vil òg andre type saker som krev oppfølging bli tatt inn i oversikta.

Oversikta vert oppdatert til kvart møte.

Saksutredning

Oversikta inneheld tabellar over prosjekt som kontrollutvalet arbeider med eller som er ferdigstilte. Først ei oversikt over pågåande prosjekt, deretter ei oversikt over prosjekt som er behandla i kontrollutvalet, men der oppfølging av kommunestyrets vedtak ventar og til slutt ei oversikt over ferdigstilte prosjekt i den inneverande perioden.

Prosjekt som vert bestilt av kontrollutvalet skal vera med bakgrunn i vedtekne planar. Utvalet er likevel delegert mynde til sjølv å oppdatera planen dersom spesielle omsyn gjer det ønskeleg å prioritera andre tiltak. Plan for forvaltningsrevisjon vart vedtatt av kommunestyret hausten 2012.

Til dette møtet er følgjande til behandling:

- Behandling av selskapskontroll «*Dalane Miljøverk IKS*»

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar statusoppdatering pr. april 2015 til orientering.

SANDNES, 26.02.2015

Jane Døskeland Idland
Førstekonsulent

Vedlegg:
[Statusoversikt pr. april 2015](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.

[Tilbake](#)

Referat- / meldingssaker:

2/15 Notat vedr. uttale ang. eksterne parter og lukka møter

3/15 FKT-konferansen 2015

[Tilbake](#)